

www.seljefotball.no

5.divisjon menn



Selje – Vik

Lørdag 30.mai 2026, kl.15.00

Selje Idrettspark



Foto: haugenfotball

Hovudsponsor:



Velkommen til heimekamp !

Vi ynskjer Vik hjarteleg velkommen til Selje. Sist laga møttest til kamp var i 2019, då vann laga kvar sin kamp.

Vik er ein av dei største opprykksfavorittane og har gjort det godt hittil i sesongen. Så vi står overfor ei skikkeleg utfordring i dag, men det triggjar oss og vi gledar oss til kampen.

Det er ein jamn 5.div. i år der alle kan slå alle. Etter ein dårleg start på sesongen med 3 tap, har vi løfta oss og kjenner at vi har nivået inne. 3 av 4 kampar som vi har tapt har vore med eit mål, så vi føler det har vore litt «stang ut». Med tilvenning til ny divisjon og endra formasjon har vi siste 3 kampane prestert godt og sleppt inn lite mål.

Sist helg tapte vi på overtid i Årdal. Gutane la ned ein kjempejobb og hadde verkeleg fortent poeng. Miles fekk debuten sin i den kampen, og Daniel i kampen mot Bremanger. Det er kjekt å sjå at det gror godt i yngre årsklasser. Og fleire andre av guttespelarane har vore med oss i treningskvardagen i vinter/vår.

Til dagens kamp mønstrar vi ein bra kamptropp, sjølv om nokon er vekke på jobb og nokre har litt «smårusk» med skader.
Vi skal gjere vårt beste og håpar på poeng i dagens kamp.

Velkommen til kamp! Heia Selje!

Idar Taklo

-trenar –



Plass	Lag	Kamper	V	U	T	Mål	Poeng
1	Askvoll/Holmedal 1	6	4	1	1	17 - 10	13
2	Vik	6	4	1	1	17 - 11	13
3	Syril	6	3	0	3	15 - 10	9
4	Årdal 2/Jotun	5	3	0	2	9 - 13	9
5	Hafslo/Bjørn/Fanaråk	5	2	2	1	11 - 7	8
6	Eikefjord/Florø 2	6	2	1	3	9 - 13	7
7	Førde 3	6	1	3	2	19 - 17	6
8	Selje	6	2	0	4	13 - 13	6
9	Lærdal	6	2	0	4	14 - 22	6
10	Bremanger	6	1	2	3	15 - 23	5

Runde	Dato	Tid	Heimelag	Resultat	Bortelag
6	21.05.2026	19:00	Førde 3	3 - 3	Hafslo/Bjørn/Fanaråk
6	22.05.2026	18:30	Vik	8 - 2	Lærdal
6	22.05.2026	19:00	Syril	1 - 2	Eikefjord/Florø 2
6	23.05.2026	13:00	Bremanger	3 - 3	Askvoll/Holmedal 1
6	23.05.2026	15:00	Årdal 2/Jotun	1 - 0	Selje
7	30.05.2026	15:00	Selje	-	Vik
7	31.05.2026	15:00	Askvoll/Holmedal 1	-	Årdal 2/Jotun
7	31.05.2026	15:00	Eikefjord/Florø 2	-	Bremanger
7	31.05.2026	15:00	Lærdal	-	Førde 3

Lørdag 30.05.2026 kl.15.00: Selje – Vik

Dommar: Håkon Rundereim, Skavøypoll IL

Ass.dommar: Alexander Kupaen Skram, Tornado FK

Sureskumar Kathiravel, Eid IL



Dagens Seljespelar: Vi inviterer publikum til å vere med å kære dagens Selje-spelar. Gå inn på QR-koden og stem på dagens Selje-spelar. Du kan avgje stemme berre ein gong. Resultat på avstemminga blir opplyst ca. 5min før kampslett.



Billettprisar Selje Idrettspark:

Vaksne: kr. 50,-

Barn t.o.m. 10.klasse: gratis

Sesongkort 2026: kr. 600,-

Gjeld alle heimekampar Selje, 4.div. kvinner og 5.div. menn



Hovudsponsor:



**Sparebanken
Norge**

Delsponsorar:



**SOGN OG
FJORDANE
ENERGI**



Utstysleverandør:

